



Bjørn Olav Tveit under ei tidlegare markering

Utdanningsforbundets Bjørn Olav Tveit frå Uskedalen har ikkje stor forståing for politikaranes vedtak om nedskjæringar i skulen. Han minnar om at dette er dei same politikarane som i valkampen for kort tid sidan friskmeldte økonomien og lova å satse på skule.

Han er oppriktig bekymra for tilboda til dei som har krav på spesialundervisning og ikkje minst dei som er i gråsona.

Tveit minnar mellom anna om at det i Uskedalen er leserettleiarar som har sett av ein time ekstra i veka med elevar som treng ein ekstrainsats,

Med slike tiltak kan ein få elevar på rett kjøll tidleg i skulegangen. slik at ein kan hindra at dei må ha spesialopplæring seinare, strekar Tveit under for Grenda